

**Fra:** Odd Bjarne Berdal  
**Sendt:** 07.11.2014 16:19:31  
**Til:** Øyvind Helland Oddekalv  
**Kopi:**

**Emne:** SV: Søknad om investeringsmidlar  
**Vedlegg:**

Hei.

Vi har oppjustert tildelinga med kr 500 000 inkl. mva. Dei same vilkår gjeld som ved den opphavlege tildelinga av investeringsmidlarmidlar til oppgradering av kantina.

Venleg helsing

Odd Bjarne Berdal  
Spesialrådgjevar / Prosjektkoordinator  
Opplæringsavdelinga

Tlf: 55 23 95 81 | Mob: 992 33 975  
www.hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Øyvind Helland Oddekalv  
Sendt: 7. november 2014 10:12  
Til: Odd Bjarne Berdal; Opplæringsavdelinga - Postmottak  
Kopi: Hillevi Elizabeth Runshaug; Svein Magne Ellingsen  
Emne: Søknad om investeringsmidlar

Hei

Viser til tidlegare søknad om støtte til ombygginga av kantinekjøkkenet på Knarvik vidaregåande skule, skulestad Juvikstølen, den gongen fekk vi kr. 400 000,- inkl. mva.

Vi er godt nøgde med ombygginga og ser at tilbodet er blitt mykje betre for elevane. Det er no MAKS - Meland arbeids- og kompetansesenter som driv kantina, og vi har elevar frå tilrettelagt opplæring som er utplasserte der. Dei er godkjent dom lærebedrift innan kokkefaget, og det kan sjå ut som dei tar inn ein av elevane våre som lærling (full opplæring i bedrift).

Opprustninga som vart gjort var heilt naudsynt skulle kantina bli godkjent for matproduksjon etter dagens krav. Slik vi ser det no er det eit moderne og tidsriktig kantinekjøkken med ein potensiell kapasitet som gjerne og kan serve ein framtidig samlokalisert skule på Juvikstølen. Då vil det berre vere kantineareal som det må gjerast noko med.

Knarvik vidaregåande skule har dei siste åra slite med eit underskot, totalt kring kr 3,6 mill. på det meste, til vi gjekk i balanse ved utgangen av 2013. M.a. har vi bygd opp Vg2 Transport og logistikk med innkjøp av konteinerar og truckar utan økonomisk støtte frå opplæringsavdelinga. Dette har medført at vi har eit stort etterslep på ein del investeringar på dei ulike avdelingane/utdanningsprogramma. Vi ser det derfor som ein stor føremon for oss at opplæringsavdelinga bidreg med meir midlar til denne ombygginga.

Vedlagt finn de oversikt over dei totale kostnadane som vi til no har hatt med ombygginga. Det vil gjerne framleis komme nokre mindre kostnader etter kvart som vi nyttar kantina (fleire hyller, endring av nokre løysingar o.l.), men vi anser no ombyggingsprosjektet som avslutta.

På denne bakgrunn søkjer vi om å få dekkja ein større del av dei totale kostnadane skulen har hatt, inntil kr. 506 766,01, inkl. mva.

Mvh  
Øyvind H Oddekalv  
rektor, Knarvik vidaregåande skule  
913 17 450